

Referat frå foreldremøte for 1. Klasse, 28.04.2015

- Bjørg fortalde om korleis klassen fungerer:

Borna er flinke til å ta vare på kvarandre, og alle leikar med alle. Litt «knuffing» og voldsom leik, men det går stort sett bra. Gi beskjed til Bjørg om ein høyrer noko.

- Foreldra sitt kvarter:

Ingen saker.

- Felles foreldremøte i juni:

Gi beskjed til Bjørg eller Berit Karin om ein har saker å ta opp, og evt. forslag til tema.

- Neste skuleår:

Bjørg held fram som kontaktlærer for klassen.

Kristine Glattvedt PrahL Lunde skal ha den nye 1.klassen, og vil samarbeide tett med Bjørg.

Det kom ynskje frå foreldra om at klokkeslett for timar/friminutt blir skrivne på vekeplanen. Dette vil Bjørg innføre.

- Val av klassekontakt:

Tone Hansen vart veld for 2 år. Steinar Kleiven held fram som FAU-representant i 1 år til.

- Klassekasse:

Foreldra vart samde om at alle betaler 50 kr til klassekassen. Bjørg gir beskjed om det blir tomt. Lever pengane i konvolutt merka med namnet til barnet.

- Kva skjer med skulen?

Berit Karin fortalde kva arbeidsgruppa har gjort. Høyringsuttale er sendt til kommunen. Uttalen kan lesast på Facebook-sida «Bevar Myking skule»

Arbeidsgruppa hadde eit bra møte med politikarane, og fekk gode tilbakemeldingar på grundig og godt arbeid.

Saka skal avgjerast i kommunestyremøte 18. juni. Alle blir oppmoda om å snakke med politikarar ein kjenner.

- Bjørg informerte om eit prosjekt klassen var invitert til å delta i. Målet er å samle inn pengar til «FORUT barneaksjon i Nepal». Prosjektet er lærerikt og spanande for borna, men krev mykje arbeid. Foreldra støttar at ein deltek.
- Bjørg informerte litt om kva dei jobbar med i dei ulike faga.

Elevane har fått gode resultat på kartleggjingsprøvene.
Dei skal ha ein heilårsprøve i matematikk.

Zippy: Tema om døden.

Engelsk: Bjørg les ei bok og overset. Borna likar det svært godt.

- Lekser:

Dei fleste syns det går greit, men at det i allefall er nok lekser.

- Bjørg minna om at ein kan finne øvingsoppgåver i m.a. norsk og matematikk på skulen sine heimesider.

Referent: Åse Sletten